

KARSTEN OMA
GRIMSTADVEGEN 345
5252 SØREIDGREND

Svar - Søknad om dispensasjon fra byggegrense - ny bygning fv. 5462 ved eiendommen gnr 43 bnr 19 i ALVER kommune

Vestland fylkeskommune viser til søknad om dispensasjon frå byggegrense mot fylkesveg 5462 av 05.08.2020.

Vedtak

Med heimel i veglova [§ 30](#) og [§ 34](#) gir vi dispensasjon frå byggegrensa mot fylkesveg 5462 for gjenoppbygging av brannskadd hus på gnr. 43 bnr. 19 i Alver kommune.

Vilkår for dispensasjonen

1. Tiltaket skal vere i samsvar med situasjonsplan datert 05.08.2020.
2. Avstanden frå tiltaket til senterlina på fylkesveg 5462 skal vera minst 29,6 meter.
3. Tiltaket må ikkje brukast til andre føremål enn det dispensasjonen gjeld.
4. Det kan ikkje krevjast erstatning for skadar og ulemper som følgje av at bygninga/innretninga ligg nær fylkesveg 5462.
5. Arbeidet må vera starta opp innan tre - 3 - år frå dispensasjonen er gitt, om ikkje fell dispensasjonen bort.

Bakgrunn for vedtaket

Byggegrensene skal ta vare på trafikktryggleik, vedlikehald og drift av vegnettet, arealbehov ved ei eventuell utviding av vegen, og miljøet på eigedomane langs vegen.

Fylkesveg 5462 har haldningsklasse mindre streng, som opnar for å gje dispensasjon frå byggegrense for tiltak som ligg 30 meter eller meir frå vegmidte.

Eigar og brukar av avkøyrsla til og frå bustaden er pliktig å halde avkøyrsla i forskriftsmessig stand. Eksempelvis skal eventuelle hindringar (som for eksempel vegetasjon eller snø) innan sikttrekanten «... ikke være høyere enn 0,5 m over primærvegens kjørebanelivå» (Handbok, N100). Vestland fylkeskommune oppmodar om å rydde vegetasjon og andre sikthindrande element i siktsone ut på fylkesveg 5462.

Rett til å klage

Ein kan klage på vedtaket, jf. forvaltningslova [§ 28](#). Informasjon om å sette fram klage, går fram av skjemaet «[Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak](#)». Fristen for å klage er tre veker frå vedtaket vart motteke. Klageinstansen er Klagenemnda for Vestland fylkeskommune. Send klagen til Vestland fylkeskommune, post@vlfk.no eller Postboks 7900, 5020 BERGEN. Klagen vil bli sendt vidare til klageinstansen.

Du har rett til å gjere deg kjent med saka sine dokument, jf. forvaltningslova [§ 18](#).

Med helsing

Kari Elster Moen
senioringeniør

Christian Stokke Rye
rådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Kopi til:

ALVER KOMMUNE Postboks 4